

Møteprotokoll

Utval: Arbeidsutvalet
Møtestad: Telefonmøte
Dato: 24.3.2015
Tidspunkt: 09.00 – 09.45

Desse faste medlemmene deltok i telefonmøtet

| Namn | Funksjon | Representerer |
|------------------|-----------|----------------|
| Jonny Liland | Nestleiar | Sirdal kommune |
| Torkel Myklebust | Medlem | Suldal kommune |
| Tarald Myrum | Leiar | Valle kommune |

Forfall

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-------------------|----------|---------------------|
| Oddmund Ljosland | Medlem | Åseral kommune |
| Oddlaug Tjomsland | Medlem | Vest-Agder fylkesk. |

Frå administrasjonen møtte

| Namn | Stilling |
|---------------|-----------------|
| Tarjei Haugen | Områdeforvaltar |
| Alf Odden | Områdeforvaltar |

Underskrifter

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteprotokollen er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Tarald Myrum (sign.)

Jonny Liland (sign.)

Sakliste

| Utvals- saksnr. | Innhald | Lukka | Arkiv- saksnr. |
|--------------------|---|-------|-------------------|
| AU 34/15 | Godkjenning av saksliste og innkalling | | |
| AU 35/15 | Val av eitt AU-medlem til å skrive under protokollen | | |
| AU 36/15 | Orienteringssaker | | |
| AU 37/15 | Fordelinga av midlar til tiltak i verneområdet i 2015 | | 2015/1212 |
| AU 38/15 | Eventuelt | | |

AU 34/15 Godkjenning av saksliste og innkalling

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 24.3.2015

Det var ingen merknader til sakliste eller møteinnkalling.

Vedtak

Sakliste og møteinnkalling vert godkjende.

Vedtaket var samrøystes.

AU 35/15 Val av eitt AU-medlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 24.3.2015

Jonny Liland vart føreslegen til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtak

Jonny Liland vert vald til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtaket var samrøystes.

AU 36/15 Orienteringssaker

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 24.3.2015

Ingen saker vart lagt fram for til orientering.

AU 37/15 Fordelinga av midlar til tiltak i verneområdet i 2015

Forslag til vedtak

Arbeidsutvalet i SVR fordeler den tildelte løyvinga på 350 000 kr på desse åtte prosjekta i 2015:

| | |
|--|-------------------|
| 1. Utarbeiding av besøks- og informasjonsplan, Ritlandskrateret i Hjelmeland kommune | 100 000 kr |
| 2. Heiedagane 2015 | 50 000 kr |
| 3. Ungdom og lokal heiekultur, Ryfylke og Sirdal | 15 000 kr |
| 4. Tilrettelegging for informasjon på Nesflaten, Suldal | 100 000 kr |
| 5. Oppdatering av fire interaktive tavler | 40 000 kr |
| 6. Skjøtsel av kulturlandskap på Mån, Frafjordheiane | 10 000 kr |
| 7. Skjøtsel på Øygaardstølmyra | 20 000 kr |
| 8. Skjøtsel av kulturlandskap, Førre i Hjelmeland | 15 000 kr |
| <i>Til saman</i> | <i>350 000 kr</i> |

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 24.3.2015

Arbeidsutvalet drøfta løyvingane gjennom bestillingsdialogen i år og konkluderte med at det bør skrivast eit brev til SNO og Miljødirektoratet om saka. Brevet må ta opp dei sterke reduksjonane i løyvingane til tiltak i 2015 og ynsket om å få tildelt løyvingane som ein samla tiltakspott i framtida. Styreleiar og nestleiar underskrivar brevet.

Arbeidsutvalet drøfta forslaget til fordeling av midlane på tiltak i 2015. Ingen endringsforslag vart lagt fram.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

AU 38/15 Eventuelt

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet - 24.3.2015

Under eventuelt vart det reist spørsmål om resultatet av brot på motorferdsellova og verneforskriftene som SNO har meldt til politiet.

Arbeidsutvalet konkluderte med at leiar og nestleiar bør be om eit møte om denne og liknande saker med Fylkesmannen i Aust-Agder som koordinerande fylkesmann for SVR.